

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 09.01.2024
SAKSHANDSAMAR: Børge Tvedt
SAKA GJELD: **Internrevisjon "Uønskt variasjon i pasientforløp (BUP)"**

ARKIVSAK: 2022/2977

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
25.01.2024

STYRESAK:
005/2024

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar regional revisjonsrapport «Uønskt variasjon i pasientforløp i BUP – barn og unge med eteforstyringer» og administrerende direktør sin handlingsplan til orientering.

Oppsummering

Internrevisjonen har utarbeidd revisjonsrapporten «Uønskt variasjon i pasientforløp i BUP – barn og unge med eteforstyrningar». Rapporten vart handsama i styret i Helse Vest 14.06.23. Rapporten er lagt ved styresaka. Det er utarbeidd handlingsplan for oppfølging av tilrådingane i rapporten.

Fakta

Internrevisjonen i Helse Vest har gjennomført internrevisjon for å undersøkje om det er uønskt variasjon i pasientforløp og oppfølging av born og unge med eteforstyrring i regionen.

Undersøkinga syner at det er noko variasjon i helsehjelpa til pasientgruppa, og at noko av variasjonen kan vere uønskt. Samstundes påpeikar revisjonsrapporten at det er tydeleg at born og unge med eteforstyrningar har høg prioritet.

Helse Vest og Helse Førde har over tid arbeidd systematisk med å sikre spesialisert kompetanse på behandling av eteforstyrningar, og internrevisjonen stadfester at dei fleste BUP-ane har god kompetanse på dei to viktigaste metodane for behandling av eteforstyrningar.

Rapporten syner ved journalgjenomgang at det er få tilvisingar til spesialisthelsetenesta der ein ved rettighetsvurdering ikkje innvilgar rett til helsehjelp. Vidare er det variasjon i ventetid, men dette gjeld alle pasientar i BUP, ikkje berre dei med eteforstyrring. Det vert stadfesta at fristbrot i liten grad er knytt til pasientar med eteforstyrring.

Det er god kompetanse i føretaka på dei to mest aktuelle behandlingsmetodane, men det er sårbart i poliklinikkar med få tilsette med kompetanse. Dette gjeld sjølvst og Helse Førde. Helse Vest har jobba systematisk med å sikre god kompetanse gjennom regionalt utdanningstilbod.

Rapporten peikar på at det er vesentleg forbettringspotensiale i å bruke og registrere behandlingsplan i samsvar med pasientforløpa. Dette vart berre funnet i 13 av 43 journalar. Vidare trekker rapporten fram at føretaka ikkje fullt ut har etablert eit system som sikrar born og unge medverknad.

Internrevisjonen kjem med følgjande tilrådingar for oppfølging av revisjonsrapporten.

Helse Vest RHF og føretaka bør:

- 1. Vurdere om det er gode nok system for å sikre at skjulte fristbrot blir avdekka og forhindra.*
- 2. Sikre at poliklinikkar som har ansvar for å behandle barn og unge med eteforstyrningar har tilstrekkeleg spesialisert kompetanse (dette må sjåast i samheng med føretaket si organisering og kva poliklinikkar som har behov for kompetanseheving).*
- 3. Informere i svarbrev til pasientar om kor ein kan finne informasjon om pasientrettar på andre språk enn norsk.*

4. Følgje opp i kva grad poliklinikkane klarer å etterleve pasientforløp for barn og unge med eteforstyrningar, og setje i verk tiltak ved uønskt variasjon knytt til vurdering/inntak, utgreiing og behandling.

5. Sikre at alle pasientar får ein behandlingsplan og at behandlingsplanane blir evaluert.

6. Bruke sine eksisterande nettverk og samarbeidsfora til å diskutere i kva grad det er uønskt variasjon og samstemme praksis og rutinar der det er føremålstenleg for å sikre likeverdige tenester.

7. Systematisk innhente og bruke informasjon om korleis pasientar og pårørande opplever tenestetilbodet.

Handlingsplan for tilrådingar i revisjonsrapport «Uønskt variasjon i pasientforløp i BUP - barn og unge med eteforstyrningar»

	Tilråding frå internrevisjonen	Vår vurdering	Tiltak
1	Vurdere om det er gode nok system for å sikre at skjulte fristbrot vert avdekket og forhindra	I følgje internrevisjonen har ein ikkje funne skjulte fristbrot for pasientar med eteforstyrningar i Helse Førde. Internrevisjonen oppmodar likevel om at føretaka gjer ei vurdering av om dei har gode nok system for å avdekke skjulte fristbrot uavhengig av diagnosegruppe. Vår vurdering er at me har gode rutinar for å sikre at pasientar får sett opp ny time innan rimeleg tid etter første oppmøte.	<ul style="list-style-type: none"> Halde fram med rutinar for å førebygge skjulte fristbrot og oppmode behandlarar om å unngå unødvendig ventetid undervegs i pasientforløpet
2	Sikre at poliklinikkar som har ansvar for å behandle barn og unge med eteforstyrningar har tilstrekkeleg spesialisert kompetanse (dette må sjåast i samanheng med føretaket si organisering og kva poliklinikkar som har behov for kompetanseheving).	I Helse Førde behandlar alle tre poliklinikkane og UPH eteforstyrningar. Alle seksjonane har behandlarar med kompetanse på evidensbaserte behandlingsmetodar (FBT og CBT-E).	<ul style="list-style-type: none"> Halde fram med å sende behandlarar på Helse Vest sine årlege utdanningar i CBT-E og FBT ved behov. Delta i rettleiing frå Regional Avdeling Spiseforstyrningar Oppretthalde intern rettleiing / drøfting i halvårlege nettverksmøte for eteforstyrningar i Helse Førde
3	Informere i svarbrev til pasientar om kor ein kan finne informasjon om pasientrettar på andre språk enn norsk.	Innhald i svarbrev, der det vert informert om pasientrettar er basert på ein regional brevmal i Helse Vest.	<ul style="list-style-type: none"> Spele inn endringsforslag til Helse Vest IKT vedrørende regional brevmal.
4	Følgje opp i kva grad poliklinikkane klarar å etterleve pasientforløp for barn og unge med eteforstyrningar, og sette i verk tiltak ved uønska variasjon knytt til vurdering / inntak utgreiing og behandling.	Av internrevisjonen kjem det fram at det er svært få fristbrot for pasientar med eteforstyrningar i Helse Vest. Vidare syner internrevisjonen at pasientar med eteforstyrning i Helse Førde hadde høgare del familieretta poliklinisk behandling enn i dei andre føretaka, samt tal konsultasjonar pr pasient som mellom dei andre helseføretaka. Dette er i tråd med gjeldande retningslinjer om å tilby familiebasert behandling ved eteforstyrningar (FBT) for barn og ungdom. Me merkar oss at det er noko variasjon mellom Helse Førde og dei andre helseføretaka, men Helse Førde kjem godt ut, mellom anna med flest familieretta konsultasjonar.	<ul style="list-style-type: none"> Halde fram med god praksis.

		Vår oppfatning av internrevisjonen er at Helse Førde klarar å etterleve pasientforløp for barn og unge med eteforstyrningar og at barn og ungdom med eteforstyrning som hovudregel får rask og tett oppfølging i vår avdeling. Me kan ikkje sjå at det innad i Helse Førde er uønska variasjon knytt til vurdering / inntak utgreiing og behandling av eteforstyrningar.	
5	Sikre at alle pasientar får ein behandlingsplan og at behandlingsplanane vert evaluert	Av internrevisjonen kjem det fram at det i liten grad blir utarbeidd behandlingsplanar og at desse sjeldan vert evaluert. I Helse Førde har me eit mål om å bli betre på å utforme og dokumentere behandlingsplanar.	<ul style="list-style-type: none"> • Ha fokus på behandlingsplanar i nettverksmøte med behandlarar. • Oppmode seksjonsleiarar om å løfte temaet på kvar enkelt seksjon • Vurdere å gjennomføre internundervisning med fokus på å utarbeide og dokumentere behandlingsplan.
6	Bruke sine eksisterande nettverk og samarbeidsfora til å diskutere i kva grad det er uønskt variasjon og samstemme praksis og rutinar der det er føremålstenleg for å sikre likeverdige tenester	<p>Behandlarane i Helse Førde deltek i følgjande nettverk og samarbeidsfora for eteforstyrningar:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Nettverksmøte Helse Førde: Det vert halde møter to gonger i halvåret der alle behandlarar som jobbar med FBT og CBT-E i Helse Førde deltek. Hensikten med møta er intern rettleiing / drøfting. Her deltek behandlarar frå alle tre poliklinikkane samt UPH. 2. Rettleiing Helse Vest: Helse Vest tilbyr rettleiing til behandlarar som jobbar med FBT/CBT-E. Her deltek også behandlarar utanom Helse Førde 3. Utdanning: Helse Vest arrangerer årleg utdanning/kurs i CBT-E og FBT 	<ul style="list-style-type: none"> • Halde fram med nettverksmøte, rettleiing og utdanning med mål om å samstemme praksis og lære frå andre.
7	Systematisk innhente og bruke informasjon om korleis pasientar og pårørande opplever tenestetilbodet	Internrevisjonen påpeikar behov for å arbeide meir systematisk med å innhente og bruke informasjon om korleis pasientane og pårørande opplever tenestetilbodet.	Det vil innførast eit kvalitetsregister i PBU ila 2024. Her vil ein m.a. hente inn systematisk informasjon via digitale kartleggings skjema om korleis pasientar og pårørande opplever tenestetilbodet

Kommentarar

Psykisk helsevern har gitt innspel til og gått gjennom rapporten frå internrevisjonen. På bakgrunn av funna og tilrådingane er det laga ein handlingsplan for å følgje opp tilrådingane.

Konklusjon

Administrerende direktør tilrår at styret tek internrevisjonen sin rapport til orientering. Handlingsplanen som er laga, følger opp tilrådingane som er gitt frå internrevisjonen.